



Notat

Dato: 03.07.2014
Arkivsak: 2014/11292-8
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU)

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål om Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"

I møte i samferdselsutvalet den 18.11.13 satte representanten **Silja Ekeland Bjørkly (H)** fram følgjande spørsmål:

Samferdselsutvalet vil be fylkesrådmannen leggja fram sak for FTU om korleis konseptet «Trafikksikker kommune» kan implementerast i HFK sin organisasjon.

I gjeldande handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) er eit av dei tre satsingsområda *Trafikksikringsarbeid i kommunane*, og eit av tiltaka under dette satsingsområde er prosjektet *Trafikksikker kommune*. Hordaland fylkeskommune har sett av 1 mill kr til dette tiltaket i planperioden, og det er sett som eit resultatomål at 10 kommunar vert sertifisert i fireårsperioden, og at kvar av desse får 100.000 kr ved gjennomført sertifisering. Det er Trygg Trafikk som har etablert prosjektet, og har utarbeidd eit sett kriteria som kommunane skal oppfylle for å verte sertifisert. Kriteria er omfattande og femnar bredt. Det er ikkje utarbeidd kriterier for fylkeskommunar.

Trygg Trafikk har etablert dette prosjekt og prosjektkriteria ut frå dei ansvarsområda som ligg til kommunal sektor og den kommunale organisasjonsstrukturen. Dersom fylkeskommunalt nivå skal gå inn i ordninga så vil dette krevje eit nytt sett kriteria. Enn så lenge har ikkje Trygg Trafikk etablert og utvikla kriteria for fylkeskommunal sektor, og fylkesrådmannen ser det difor ikkje som aktuelt å setje igang ein slik prosess i Hordaland fylkeskommune no. Fylkesrådmannen er i utgangspunktet positiv til at fylkeskommunen skal kunne bli sertifisert som trafikksikker kommune, og vil vurdere dette på nytt om ordninga og vert tilpassa fylkeskommunane.